



Rusførebyggjande samarbeid 2026



CASER



Case 1: "Alle dei andre"

Maria (15) skal i bursdagsfest. Ho seier at "alle andre får med seg litt alkohol", og at ho elles blir den einaste utan. Foreldra er usikre, men vurderer å sende med nokre ølboksar for at ho ikkje skal skilje seg ut.

- **Spørsmål til refleksjon**
- Kva er foreldra sin intensjon – og kva signal sender dei?
- Er det forskjell på å vite at alkohol er til stades, og å bidra aktivt?
- Korleis kan foreldre støtte barnet sosialt utan å sende med alkohol?



Case 2: "Vaping"

Sara er 14 år og går i 9. klasse. Mora finn ein vape (e-sigarett) i sekken hennar. Sara seier at det ikkje er farleg, og at «det berre er smak, ikkje nikotin». Ho blir irritert og meiner mora overreagerer. Skulen tek seinare kontakt og fortel at Sara er blitt teken for vaping på skulen.

Spørsmål til refleksjon

- Kva ville de ha gjort i ein slik situasjon?

Case 3: «Du må ikkje seie det til nokon»

Maria og Erik har ei dotter på 16 år, Sofie. Ein kveld kjem Sofie inn i stova og verkar uvanleg alvorleg. Ho spør om dei kan snakke åleine. Etter litt nøling fortel ho om venninna si, Nora som i den siste tida har forandra seg. Ho skulkar skulen oftare, verkar sliten og ukonsentrert, og har byrja å vere med ein eldre gjeng. Sofie senkar stemma og seier: «Eg trur ho bruker noko ... kanskje hasj, eller noko anna. Ho luktar rart nokre gonger, og ho blir heilt annleis.» Sofie er tydeleg bekymra, men også redd. Til slutt seier ho: «Du må ikkje seie det til nokon ... eg måtte berre seie det til dykk.»

Spørsmål til refleksjon:

- Kva for dilemma står foreldra i no?
- Kva ville de ha gjort?

